

# Å spegla ein himil av – på norsk.

Av  
**Vincent Eye Færavaag**

Olav Randen (frå no: OR) hev sét seg leid på at målfolket hev gjenge i skorfeste: "fløyane" i målrørsla evnar berre å ha "ein tanke i hovudet i gongen, anten det nasjonale eller det sosiale". Randen, som er ein snild mann, likar ikkje det "kalde klimaet". Det fær bera eller bresta: Han vil "vurdere begge dimensjonane, både den nasjonale og den sosiale, kvar for seg og opp mot einannan". Resultatet kann me lesa i Røde Fane 5/6 1989. Mykje av det same hev OR skrive i Dag og tid 25.august 1988 (sjå småskrifter frå Oslo Mållag: Lars S.Vikør og Ola Breivega: Norsk mål - liv laga? siste side).

OR skil seg frå mange andre "sosiale" målfolk med å vera "nasjonal" i alle andre spørsmål - berre ikkje i den norske målstriden. Attåt: Der mange andre - både nasjonale og sosiale målfolk flyt ut og vert uklåre, er OR kvass og kantut. Soleis eggjar han tanken - og fremjar ordskifte.

OR sitt bodskap er at den norske målstriden ikkje lenger er nasjonal, trass i at han opphavleg var det, men at han no hev vorte sosial: "I dansketida var kuinga av norsk mål ein del av kuinga av kolonien Noreg. Men i dag er det ein klasse innafor landets grenser, overklassen i Noreg, som kjempar for å halde det norske skriftspråket nede. Dette skil den norske språkstriden til dømes frå den irske språkstriden. For der er det den engelske koloniserenga av landet som held det irske språket unna og tvingar engelsk språk inn på alle irar".

Dessutan: "Målstriden i Noreg er heller ikkje nasjonal i tankane til folk flest. Bokmålskulturen blir oppfatta som ein del av den norske kulturen, og bokmålsforfattarar blir oppfatta som norske forfattarar... Folk flest ser det ikkje som Gustav Indrebø gjorde då han snakka om kva som vog tyngst for han som målmann: "Med å kasta dansken og gjera norsken til skriftmål og offisielt mål att, velter me av oss ei nasjonal skam. For det er audmykjande soleis som det stend til no."

Og: "...målstriden er heller ikkje nasjonal på det viset at han er nært knytt til nasjonen Noregs eksistens. Dette skil norsk målstrid frå til dømes samisk målstrid. Kampen for samisk mål er ein sentral del av arbeidet for å slå attende trugsmåla mot nasjonen Sampi."

"Kampen for nynorsk skriftmål bør blant andre ting sjåast på som ein del av kampen mot EF-medlemskap, men han vil ikkje kunne bli ein sentral del av EF-motstanden. Andre spørsmål vil bli viktigare i EF-motstanden. Om me hevdar at målstriden i hovudsak er ein nasjonal strid, må me seie at målstriden først og fremst er ein strid mot eit språk, mot bokmålet. Etter mitt skjønn er målstriden i hovudsak ein strid mot ein klasse, og denne klassen er å finne i hovudsak innafor Noregs grenser".

## KJÆRLEIKEN TIL DET NORSKE

Lesarane fær orsaka meg at eg hermar OR so noggrant, men her rører me ved kjernen i stridsemnet vårt - som målfolket ikkje kann semjast um.

Um rådande tankar millom folket skulde avgjera kva tankar målrørsla vilde strida for, er målstriden avliden. Då kunde norsk gallup-institutt ha teke over (saman med Norsk Språkråd). Um då ikkje OR vil vera samd med meg i at det just er det at folkefleirtalet ikkje kjänner (ny)norsk mål som sitt mål som legg grunnlaget for norsk målreising (målrørsla). Det er just kva "rådande tankar" folket hev um det nasjonale som styrer både kva nordmenn, samar og irar finn tenleg, både i kulturen ålment og i målvegen. Korleis skulde det elles vera?

OR er fylgjestreng nok til å sjå at hans syn på norsk målstrid ikkje er avgjerande for korleis han stiller seg til EF og EF-motstanden. Um målstriden ikkje er nasjonal, hev heller ikkje målfolket - som målfolk - tvingande grunnar til å gå mot EF.

Annarleis då med oss nasjonale målfolk: Me er målfolk av di me er nasjonale og difor vil ha reist eitt norsk mål her i landet. Som landsens mål.

Kvar "nynorsking" er ikkje målmann, og kvar målmann er ikkje nasjonal målmann um han so tilliks med OR er nasjonal på andre umkverve. Eg er då heller ikkje nasjonal avdi eg hatar det "livlause" og "storkna" bokmålet, hatar åndelege autoritetar, eller hatar overklassen "og deira mål". Eg strid for det norske målet avdi eg er nasjonal. Av same grunn går eg imot EF. Motstanden mot EF renn or same rot som vår strid for alt norsk, målet. Drivkrafta er kjærleiken til det norske, med sin serhått, med ubrotne røter attyver i soga. Og med eit krav til oss "um å halda på tonen"; den norske. Ingen andre enn oss nordmenn kjenner trong til just det. Ikkje er me ringare internasjonalistar eller "europearar" av den grunn.

Um me elskar det norske, hev me heller ikkje so stor trong til å vanvyrda andre mål, slik eg tykkjer OR gjer. Tvertum! For å vera eit "steindaudt og livlaust kadaver av eit språk" (!), må eg segja at bokmålet held seg sværande godt - millom dei livande borgarane av dette landet. Kva anna er det me tenkjer på når me øser oss upp yver "bokmålsveldet". Daudmannsvelde? Me nasjonale målfolk er då heller ikkje for (ny)norsk av di me er imot bokmål ("maktspråket"), men umvendt: av di me er for det norske målet er me imot det unorske bokmålet. Meir enn me er mot noko er me for noko: det norske. Difor kann me òg, saman med bokmålsfolket (folkefleirtalet), gleda oss yver den lange rekka av norske diktarar som hev skapt overlag ven diktning på eit unorsk mål. Og som dermed skreiv seg inn i den danske, og seinare dansk-norske (bokmålske) bokheimen. Slik t.d. irane Joice, Shaw, Wilde, Yeats, Synge og O'Casey skreiv seg inn i den engelske litteraturen - og ikkje inn i irsk litteratur. Samstundes som odlinga av nyare irsk mål laut lida av ei slik blodtapping. Just slik stoda hev vore - og er - her i landet. So er det då heller ikkje det "storkna" og "tanketomme" som spring oss i augo når me opnar diktverka åt ein Henrik Ibsen, ein Bjørnstrerne Bjørnson, ein Knut Hamsun, ein Olaf Bull, ein Nordahl Grieg og ein Rudolf W. Nilsen? Sanneleg; um me ikkje gjer oss altfor vrange hev me alle, ogso målfolk, råka burt i dei som fær folk til å skyna seg på bokmål - so det både bårar og glimar i hugen. (Kann det vera "kommando-tonen" som slær igjenom?).

Etter mi meinig hev ikkje bokmålet andre ålvorlege lyte - som mål - enn det at det ikkje er norsk. Det skulde vera ålvorleg nok. Målfolk låner difor tunge til det "tanketomme" når dei sumtid skuldar bokmålet for å vera eit "kreolspråk". Det er maktelesloysa som remjar sitt æ-da-bæ-da.

Eg tykkjer OR er lite kræsen når han vel tekstar for å jamføra bokmålet med norsk mål. Eg vilde ha valt andre tekstar til samanliknande målgranskinger! Um det då ikkje var for å syna kor bleikt bokmål kann vera - um me leitar det upp. Det finst flust av slike bokmål um me kikar rundt i krærne. Men skal tru me ikkje vilde få "balanse" i reknestykket - so um lag - um me vog slike bokmålstekstar upp mot blandingsmålet som skrivartova (i Noregs Mållag) og Norsk Språkråd velsignar oss med? Prøv berre? Eg meiner OR snåvar i sine eigne føter, som stend planta i ein kulturradikal "folkemålstradisjon", når han vel Steinar Schøtts "hønorske" Snorreumsetjing for å syna meisterskapen åt det norske målet. Dugde ikkje "gjøre-høre"-språket? Når eg fyrt er "djævelens advokat": Ved sida av ei kannhenda ringare "kunstnarleg attdiktning", vil alle umsetjingar frå eit mål til eit anna missa noko på vegen. Difor bør det ikkje undra oss at bokmålet kjem lakkare ut frå OR si "tevling" enn (ny)norsk - (ikkje minst) i sin høgnorske målbunad. Men so er då heller ikke Jøkul-diktet i (ny)norsk-målbunad - i rett tyding - det eg vil kalla umsetjing, men ein "rekonstruksjon" - vidareføring av gamalnorsk mål. Endå um dansk og dansk-norsk er nærskyld norsk (og gamalnorsk).

Men det er vel med OR som med meg: Det er ikkje etter "samanliknande målgranskinger" at me hev vorte hangande ved det norske og nynorske! Ved alle smaksdomstolar av det slaget OR let reisa i Røde Fane/"EG", er me ugilde - anten av di me er "part" i saka - eller ved at me ikkje er part i saka.

Eg kann godt greida meg utan å vega det eine målet vitskapleg upp mot hitt. Slå meg i hovudet med dei mest bandsterke verk, meg kvittar det umlag til midt upp på ryggen. Men syng ein bånsul, eller lat meg høyra eit kvede; eg lånar deg øyra. Eg segjer med snipemor: Ingen er venare enn mine ungar. Ikkje i heile verda! Inga nærgåande saumsfaring av dei "andre ungane", men ei kjærleg mor som elskar. Slik fall me i stavar den gongen me fekk oss kjærast, ikkje med å venda tumelen ned for "alle dei andre" moglege kandidatane, men med

ikkje å sleppa med augo dette vandrande Guds under - som me heiste upp i skyene ("men det kom igjen") for soleis å fylla heile synsranda. Vår heile hug.


Men so hev me då òg "utvida perspektivet" med å skoda verda gjenom vår "holt knytte nevar". Kom so og fortel oss at kjærasten vår er låghalt og skakk, og me undrast um det ikkje var just det huskande ganglaget som hugtok oss so burt i hampen? Slik styrde me undan sjåvinisme og ovmod: ikkje ved å skjegla til upplesen "skikk og bruk", men ved å lyda til vår eiga røyst. Å rakka ned på bokmålet styrker ikkje norsk mål, og syner ikkje kva målstriden stend um. Når me menneske vil namngje verda, hentar me namnet frå oss sjølv, og ikkje frå den tingen me vil namngje. Gjerninga talar um gjerningsmannen, meir enn um noko anna.

## NORSK VILJE

At det er sosiale - og kulturelle - årsaker til at dansk-norsk / bokmål framleis råder, treng ikkje OR og eg strida um. Eg er samd. Men norsk målstrid er like mykje nasjonal korso. Det er frå den nasjonale grunnen at målstriden reiser seg. Dersom eit nasjonalt mål vert trengt undan av eit anna mål, kann det ikkje vera tale um noko anna enn ein nasjonal strid? Men kanskje er det ikkje eit tap for den folkelege serhatten um eit folk misser sitt eige - i byte med noko anna, når det umsider hev vorte kjend med det som sitt eige. I kva mun eit folk kjenner det som eit sakn, vert avgjort av kor mykje folket hevapt av nasjonalkjensla. Eller truleg: "...kor mykje dei hev vunne av nasjonalkjensla". Det er ofte berre med dei største krafttak og offervilje at dei lange og djupe båregangane i soga kann vendast um. Som idealistar vil me ikkje lata "historia sjølv vera domar", men vera domrar sjølve. Me vil stogga filmen eit bil der han surrar framme på duken - "frjosa fast" bileta - ja; spola attende um me tykkjer mun i det. Verdsens gang kann me ikkje stogga, men me kann tenkja oss um.

Det er i alle fall ikkje ved å leggja seg flat for Utviklinga at me tek upp striden. Det er ikkje utviklinga som treng talsmenn, men det skyre, som m.a. "progressive" lingvistar hev skrive nekrologar yver for skuldtidsstraumen og det "arkaiske". Nei, skal me vera talsmenn, skal det vera for dei ting som hugar oss best: Det som er mogleg og ynskjeleg, men som enno ikkje hev vorte, som enno ikkje er. Men òg det som er, men er skyrt og veikt og vert tynt av Utviklinga som skrid fram, men ikkje spør

oss til råds. Me er soleis i same båt, me og irane: Vårt eige hev måtta vika for det framande. OR si sogebok må vera eldre enn godt er, for so vidt eg veit hev storluten av Irland - Eire - vore fri frå engelsk kolonivelde sidan 1922 (sjølvstendig republikk) og utmeld frå det britiske samveldet i 1949. Ein skal vera meir enn djerv for å hævda at det er frå dei 6 nordirske fylka under engelsk kolonimakt at irsk mål vert trengt ut frå heile øya. Då engelsk kolonimakt drog seg ut or Eire i 1922, var anglofiseringa mest fullførd. Berre bane-støyten stod att. Um standarden for normeringa skulde hentast frå utviklinga sjølv, slik OR og norske filologar hævdar so ofte, var det kroken på døra for gælisk mål i Irland. Som for norsk mål i Noreg. Sjølv med alle formelle band til England avhogne. Skulde gælisk mål vinna fram under slike umstende, laut ein odla alt som irsk var: song og dans, språk og soge. Her trongst reinsking og odling. Ikkje sjå på utviklinga, heller ikkje i målvegen, som rein lagnad.



Norsk og irsk målstrid hev soleis meir sams enn det OR vil ha det til. Både hev løyst seg frå sine gamle kolonimakter. Um ikkje "rådande tankar" er dei som kolonimakta let att etter seg - so hev den nasjonale målstriden knapt byrja i Irland og Noreg. Av "utviklinga" hev me inkje anna å henta enn det me les i henne: I dag eit sakn og eit sårt historisk minne. Er det nokon som er i tvil um kva eg meiner, fær dei spryja baltarane - kva dei meiner med å taka oppgjer med sin nasjonale vanlagnad. Kannhenda svarar dei som Gustav Indrebø: "Me vil velta av oss ei nasjonal skam. For det er audmykjande soleis som det stend til no". Um so all verdsens statsmenn og stripdressa sendemenn rår ifrå. Og den raude heren.

## STEINRØYSA NEDI BAKKEN

Etter mi meinung stend det soleis til, at målstriden er ein lekk i den nasjonale striden: å yverliva som folk, med sin eigen sersvip. Den kann ikkje bokmålet bera vidare, just av di der syng ein annan tone: væn og klår, men utan det rike tilfanget frå farne ætter her i landet. So stend det ikkje um mindre for oss enn for det samiske folket: å yverliva som folk. Eg hev OR mistenkt for at han med "nasjonen Noregs eksistens" meiner staten Noreg (ei nasjonal statseining). Vel er det so, at "nasjonalstatane" i Europa vart skapt av - og i - ei nasjonal reising som dreiv yver verdsluten (og som me berre kjende eit mildt drag av). Men at det ikkje er statane, men folka som tryggjer det nasjonale, ser me av det baltiske dømet: Med eller utan stat og statsgrensor lever det baltiske folket sitt sereigne liv - dei som ikkje vart drepne eller sende i kuvogner til Sibir. Men difor vil dei òg ha att sine sjølvstendige og friborne statar, der dei i livd av grensor kann - etter beste evne - fylgja sin hug og sin hått. Statsgrensone i seg sjølve borgar ikkje for noko - slik dømet Eire gjev prov på. Og Noreg. Den dag det skil oss katten - nordmenn og irar - um norsk eller irsk mål lever vidare i sitt folk, den dagen er me ikkje viljuge til å ofra liva våre for nasjonen. Med eller utan staten Noreg, i eller utanfor EF. Difor hev dei urett, som hævdar at nasjonen er truga av eksisterande framand innvandring. Det er den indre koloniseringa som trugar oss. Dei som hatar "steinrøysa ned i bakken", "nissehuva" og det "sidrumpa heilnorske" - og som lengtar "ut i Europa" - vitnar um kva eg hev i tankane. Er det noko me nordmenn kann læra av mange av våre sist innvandra landsmenn, so er det større vyrdnad for vårt eige.

So er det då heller ikkje til meins for oss, at andre folk odlar sitt eige, men minner oss på ei gamal lekse me ein gong slengde i femte veggjen, då den store spanande verda steig inn i stova. Etterenksame spør me no: So dei putlar med sitt, kvart folk, ja, kvart menneske - ute i den store verda? So er det kanskje just i dette me menneske er både jamborne og friborne: Med å odla vår eigen tone? Just slik det hugar oss best, og som ingen annan kann gjera oss etter!

*Dei største tankar me alltid faa  
av verdsens det store vit;  
men desse tankar dei brjotast maa,  
lik straalar av soli, som alltid faa  
i kver si bylgje ein annan lit.*

(Aa. O. Vinje)

So kva skal me bjoda "Utviklinga", EF og "Europa"? Um me ikkje skal verta bergtekne av verdsens det store troll, med kosmopolitten sin store draum: kultur på boks og økonomisk ganding, lyt me finna vår eigen tone: ikkje taka upp att dvergmålet åt dei store trolla, men fylgja lansens sed og skikk. Det er ikkje so mykje "EF" sjølv ("hine") som trugar oss, som det er våre eigne draumar um kva me hev å gjera i EF. Difor kann denne nasjonen også riggast ned utanfor EF. Men hev me fyrt teke vågnaden med å byggja den norske nasjonen, gjer me det tryggast utanfor EF - um me so framleis kviler på den Europeiske kontinentsokkelen. Venteleg.

## KLASSESTRID?

Randen sin berande tanke er, at den norske målstriden er ein klassestrid, der yverklassen hev teke bokmålet i bruk som "dressur- og kommandospråk". Eg hermer: "Som dressurspråk er bokmålet framifrå. Det er eit godt språk å gi ordrar i, men eit därleg språk å tenkja eller samhandla i (!!! V.E.F) Så lenge bokmålet rår grunnen, er folk flest analfabetar i skrift og difor lettare å taumköyre". Slik vilde ein utkropen yverklasse ha tenkt um ho rådde med norsk lagnad, skal me tru OR: "Arbeidsfolk...treng for pokker ikkje eigne tankar og ingen eigen kultur. Dei treng berre nok forståing til å fungere ved maskinane. Liksom hundar må dei dresserast til lydnad og ikkje til sjølvstende", hadde borgarstanden tenkt.

OR sit tankefløg svingar seg jut so høgt, at han støyter saman med norsk røyndom no, um eg ikkje tek heilt i miss? Etter OR si meinung er store delar av det norske folket, for skuld det fandens bokmålet, nærast funksjonelle analfabetar. Det er berre ein hake ved teorien til OR: Det må vera eit reitt mirakels, at yverklassen her i landet er i stand til å tenkja i det heile teke: For ingen er vel meir fangar av bokmålet enn den klassen som med hud og hår er fødd inn i eit mål, som er både ein "livlaus leivning frå dansketida" og "eit därleg språk til å tenkje og samhandle i"? So der sit yverklassen i klisteret! Du store hendesløysa: Der i garden lyt ei greida seg med dei simplaste hjelperåder: instinkt og rygg-mergrefleksar. Børsnoderingar. Årsaka til at berarane av dette "livlause kadaveret av eit språk" (!) enno ikkje hev bytt hovudmål, må vera OR sine trugsmål um at (ny)norsk skal verta eit upprørsspråk? Med "Immer Neue Experimenten" innskrive på upprørsfana si. Det hugar nok ikkje dei store luteigarar og pengepugarar?

## MAKTESLØYSA

OR si skildring av det norske folket er ein meisterskap i svartsyn: Ein piskesvingande yverklasse, med eit tanketomt bokmål, skreddarsydd til å hundsa folket/underklassen, og eit undertrykt folk/underklasse som er språklege analfabetar (mindre duger ikkje), som berre på mest armodslege vis veit å gjera seg nytte av den demokratiske røysteretten, som på signal kann gjera hundekunster - på bokmål. Gjeng som i ørska, lite framhjelpe som dei er med bokmålet, den framangjorde tenkjereidskapen.


## EIA VAR ME DER!

Annarleis då i Sverige, skal me tru OR. Der i garden hev Strindberg og proletardiktarane ("stattarskulen") vunne seg æveleg rom i skriftmålet og i bokheimen, til umissande vinning for proletarar og heile det svenske folket. So hev òg den proletariske kulturen vunne seg opp i stand og stilling. Svensk skriftmål må liggja næraast det OR kallar "oppørsspråk". Me andre folk hev upprøret framfyre oss; svenskane hev lagt det attum seg. Spursmålet mitt til OR vert då: Burtsétil den proletariske og folkelege sigeren i bokhylla - korleis tek proletarane og Medelsvensson ut denne proletære vinsten - slik til kvardags? Korleis tek yverklassen (ja, hev dei nokon yverklasse der burte?) ut vinsten? Og korleis tek dei syngjande flokkane av svenske småbrukarar ut vinsten i folkeleg frigjering? Med å gå frå gard og grunn? Svenskane hev tydelegvis vunne fram til det me nordmenn lyst venta på. Til samfundskroppen hev kjolna, so klassestrid og maktgir ikkje kann gro meir. Eg for min part er meir smålåten enn OR: Eg skulde ynskja, at norsk målreising vann fram til svenske tilstandar: landsens mål, som landsens skriftmål. Um so under namnet "oppørsspråk". Men norsk mål som landsens "makspråk" er ikkje å vanvyrda det heller, slik dei hev gjort det i Sverige? You name it!

## KVIFOR NORSK MÅLREISING

Attende til vår heimlege analfabetisme: OR veit å fortelja, at målfolket til skilnad frå anna godtfolk, hev lagt seg til uvanen med å odla skriftmålet framum talemålet, som er det "primære" i høve til skriftmålet. OR gløymar å fortelja oss at norsk målreising vart skapt med sikte på å "atterreisa det norske skrift-

målet" til den stand og stilling som det burde ha millom oss norske: Som nasjonen sitt skriftmål. Skulde Ivar Aasen og målrørsla ha tenkt "som folk flest", laut me no ha kava einast med dansk mål. Det er soleis ei svært rimeleg og historisk årsak til at "målfolk flest er svært opptekne av skriftmål". Det kunde elles Strindberg og dei svenske proletardiktarane ha vitna um: Skriftkulturen er eit varande drag i det moderne samfendet. Det er då òg av dei tunge hjartesukka til OR, at lagsbrørne hans innan bonde- og småbrukarlaget ikkje meistrar det skriftlege godt nok, endå so glupe dei er i kjeften - um dei då fær storfolket i tale.



Desse.....

## DE HAVDE CHAMPAGNE, MEN RØRTE DEN EI

Det er då det kjem vel med å ha talsmenn som korkje let seg målbinda eller "avskriva". Dei var elles verre farne rogalendingane, då det enno svært unge "Bonde- og småbrukarlaget" fekk vitjing av kongen. Soga gjeng noko attende i tid: "Kong Olav lyste til eit ting, straks han kom til Rogaland, og då tingbode kom til bøndane, samla dei seg og hadde mykje folk og var fullt væpna....Då han (Kong Olav) var ferdig med tala si, stod den av bøndane upp, som tala best for seg av alle ihop, og som dei fyrt hadde valt til å svara Kong Olav. Men då han skulde til å tala, fekk han slik leid hoste og kvæve, at han fekk ikkje orde fram, og sette seg ned. Då stod den andre bonden upp, og vilde ikkje at ein ikkje skulde svara kongen, endå det ikkje hadde gjenge vidare godt med hin. Men då han tok til å tala, var han so stam, at han fekk ikkje orde fram, og då alle dei, som høyrd på, tok til å læ, sette bonden seg ned. Då stod den tridje upp og vilde tala mot Kong Olav. Men då han tok til å tala, var han so hås og råm, at ingin høyrd kva han sagde, og han sette seg ned.

Då var det ingen av bøndene til å tala mot kongen, og då dei ingen fekk til å svara, so vart de ikkje noko av med å setja (seg) upp mot kongen, og de vart til de, at alle samtykte de som han bad um. Alt tingfolke vart døypt, fyrr kongen skildest frå deim". So veit Snorre, i Steinar Schott si umsetjing, å fortelja um sauebøndene i Rogaland og kristninga av det myrke fastlandet.

Møtte bøndene "maktspråk"? Ligg piskesnerten i uppbyggjinga av målet, eller i ålvoret og mannskapsstyrken attum orda? Gjeng slikt verre til i dag enn den tid konge og træl song på same tonen? Vanta bøndene eit målvinnarkurs, eller vanta dei manns mod og djerv leiding? Me kjenner til, frå den same soga um Olav Tryggvason, at han visste å få fram viljen sin utan å opna kjeften: Då kongen ikkje fekk viljen sin hjå systera Astrid, då ho vilde gifta burt Erling Skjalgsson for å fremja mågskap og makt, let han "taka ein hauk, Astrid hadde, og let ribba av alle fjörine og sende han til ho. Daa sagde Astrid: "no er bror min vond"". Sidan let ho kongen råda for giftarmålet som han sjølv vilde. Eg spor: Er ikkje ein ribba hauk maktspråk godt nok? Eg tenkjer kongen den gong, som yverklassen no, ikkje vann større makt enn den folket sa ifrå seg.



.....eller desse?

## FRIDOM - AV ÅND ELLER BNP

For korleis kann her finnast fridom, um her ikkje fanst ufridom? Den dagen OR drøymer um, då frie menneske ikkje lenger stend som garantistar for vår strid for eit fritt samfund, mens samfundet og samfundskroppen skal borga for det frie menneske - den dagen er me trælar. For kven skulde gå inspeksjonsrunden kring i samfundsbygnaden - og meldा frå um at her ikkje lenger fanst ufridom og under-

trykkjing? Kjenner ikkje OR til at just den framgangsmåten hev vore prøvd fyrr? Med lite framgang. Men viktugare: Den dagen her ikkje lenger finst menneske som ser seg ikring og segjer seg misnøgd med rådane samfundstilstand, den dagen er me alle vortne trælar. Um me då ikkje, i fotefara åt tidlegare romingar og fridomskjempor, tek oss yver grensa til Sverige?

## DEN SOM VENTAR LENGE NOK.....

I OR sitt framtidige "demokratiske og ikkje-klassedelte samfunn", vil "ingen ha bruk for å undertrykke andre sitt språk". OR vil ha oss til åtru på jolenissen. Få oss til åtru at framtida lovar oss det me ikkje kann krevja i dag. Tida er rimelegvis ikkje "mogen nok" til revolusjonære framstøytar? Me lyt altsø venta til ufridom og undertrykkjing kryp under jorda fyrr me kann venta å vinna fridom? ("Frihet som fravær av ufrihet"). I eitsovore samfund vil ikkje lenger fridom og fridomslenkt kunna speglia seg i ufridom; ikkje lenger løysa tårer og trå mot våre inste og høgaste mål. Av di det ikkje lenger er "bruk for" våre offer?

OR sin målpolitiske framtidvisjon er knytt til ei "paradisisk" fyrestilling um tusundårsriket. I himmelen treng me korkje tutt eller vått, heller ikkje svevn eller kynsliv. Just av di det er so visleg skipa, treng me då heller ikkje fridom i himmelen? Hei! I framtidssamfundet sit me under palmane og svallar um gudelege ting. Og ventar på pakkepost: Ein ribba hauk/duve. Det vil vera startsignalet for å vekkja upp gamle Adam og utdriving frå OR sitt kommunistiske paradis. For so lenge me ikkje med skaparen kjenner dei inste løyndomane i livet, vil det vera grunnlag for maktstrid, berre av di me ikkje med handa på hjarta kann segja for sant og visst det me trur å vita. OR vil vera med dei fyrste som bryt den himmelske freden og grip til språkleg ureining med ei kvass fråsegn um strakstiltak mot rådande elende - ved å krevja den himmelske plass utlagd til beiteland, der Kim Il Sung-flokken brukar å ha hanemarsjparade morgen og kveld.

Eg vågar det påstandet, at fridomen er nedlagd i oss menneske av di me er fødde inn i verda som åndsmenneske. Og at politikken og økonomien og all verdsens framstig og glupe historiske tilburdar ikkje kann tilleggjast ein

millimeter av æra for at me er av ånd og ikkje berre vandrende matmeltingssystem. Eg hævdar altso, at det er vår "indre" fridom som driv fram det mangfelde fridomsstrævet ute i samfunden. "Fridomsåra" 1789, 1814, 1905 og 1945 stend som merkjesteinar for den "ytre" fridomen, slik me til alle tider hev freista å maka våre liv og samfundsbygnaden vår etter teikningar me ber på. Men just difor stend einskildmennet yver samsundet, politikken og nasjonane. Yver alle samfundskontraktar oss menneske imillom stend einskildmenneske, som i siste umgang lyt skriva under kontrakten med livet sitt. Ingen samfundskontrakt kann gjeva oss den fridomen me er fødde inn i verda med. Der me stend på den tunne jordskorpa - og no ute i rømdi - skal me svara for våre liv og våre gjerningar for vår eigen domstol: ein Gud: vårt samvit. Aldri skjota andsvaret for våre liv yver på "dei som hev noko med det". Me liver våre liv på dei store djupner - og ikkje etter påbod frå det eine eller hitt samfundsdiktat, verdsleg eller kyrkjeleg. Vårt åndelege hopehav med skaparverket (ikkje hev me skapt oss sjølve?) set oss i stand til å kjenna att næsten vår i kvart menneske me møter på vår veg: kvit eller svart, kvinne eller mann. Ingen samfundskontrakt kjem imillom. So lyt me då òg fella domar, utan onnor lovboek enn den store ukjende tankekrossen.

Difor med Vinje (nei, nei; ikkje professoren!)

*All æra maa liggja i ærlegt strev  
og beda i sannings tempel.  
og den, som av Gud fekk sitt adelsbrev,  
han treng kje til kongens stempel*

(lat meg for eiga rekning utvida stempelbruken til òg å gjelda generalen, presidenten, sentralkomitéen, partiformannen, paven, biskopen og banksjefen?). Aldri slepp me undan andsvaret med å vera gjerningsmenn for våre eigne gjerningar.

*Aa heller vil eg  
med Augo sjaa,  
enn dauv og blind  
gjenom Verdi gaa  
og ikkje det Sanne skilja*

Når eg vel nasjonen til utgangspunkt for samfundsstrævet, er det just av umsyn til einskildmennesket. Upp mot rasjonalisten sin "universelle" samfundsraum, slik me kjenner han hjå den "progressive", "européaren" og

kosmopolitten, set eg folka sitt kollektive samvit og historiske minne. Nasjonane si fyrestillingsverd er skapt gjennom ein lang historisk samtale i folket. Det nasjonale ser verda frå grasrothøgd, og ikkje frå eit påstått filosofisk kruttårn, heller ikkje frå eit allheimshumanistisk kringsjå, som trur seg å kjenna verda og menneska i sine kosmiske og historiske samanhanger.

#### DET STIG EIT SPØKJELSE GJENOM EUROPA - OG ALL VERDA.

Humanisten og rasjonalisten meiner verdsens folk no bør nyttå høvet til å samla seg um nokre prisipp av ein høgare orden, bøta på nasjonalt kiv og krig. I det kvite verdshyrna gjer ein ei velgjerning um ein samlar seg bak høge murar. Rasjonalisten grip fat i at nasjonane til no hev ført Europa og verda ut i krig. Og at me alle kann samlast - i tanken. Dei som pratar saman, slæst ikkje. Humanisten legg hulkande til: utanpå er me ulike, inni er me like. Slik stend dei som prestar og misjonærar, i fylgjet til plundrande herar. Dei talar til eit folk som nok kunde tenkt seg å verta av med både krig og elende.



Det universelle tek me vare på, ved at me alle tek del i skaparverket og som einskildmenne "skal spegla ein himil av". Moglege skuldingar um å vera for mykje "etnosentrisk" og for mykje "Ola Dunk" kann me liva med, so lenge ein på hi sida leikar allmektige gudar. Ved å festa augo i vårt eige, fær me syn på det universelle. Då slepp me òg å plagast med tanken um at det ideelle og rikjande for våre liv og vårt samfundsstræv stend innskrive i

framande protokollar. Med å taka utgangspunkt i vårt eige, kann me aldri vera "utkant". Ikkje i våre eigne liv. Um det gjeld å halda seg inne med makta, er det um å gjera å ikkje stå i vegen? Å stå utanfor t.d. EF er å vera prisgjeven ei kjempe, som i rein humanistisk godhug slær ned for fote? Er det ikkje so at det vil "straffa seg" å stå utanfor EF? Er me viljuge til å hævda at det økonomiske stend yver alt anna? Ogso livet på jorda?

Um menneska kunde vinna klårsyn med 1) å granska "lovene for tankeverksemda" vår og 2) røkja etter "dei fysiske lovene for naturen" og nå "de objektivt beste løsninger slik de fremstår, presentert av presumptivt kompetente personer", då kann me segja farvel til demokratiet - slik me kjenner det. Rasjonalisten sin tankeheim ryd veg for upplyst einevelde og tyner det altfor "mangfelde". Um me nasjonalistar er bundne til nedervde vrangfyrestillingar, so stig våre avkroksgaul upp frå alle verds-hyrno: Nei!

## DEMOKRATI OG DEMOKRATI, FRU BLOM!

OR held det for eit demokratisk lyte, at ikkje (ny)norsk skriftmål i ei eller onnor dialekt nær og "ikkje-korrekt" form, hev vunne fram her i landet. Upp mot dette vil eg hævda, at det ikkje er vantande demokrati som gjer at norsk mål ikkje hev vunne fram. Sét frå det demokratiske, er det i dag samsvar millom det folket vil ha, og det folket hev fått: bokmål. At målfolket gjerne skulde sét det heile annarleis uppgjort, fylgjer ikkje av det demokratiske, men av ein historisk og nasjonal idé. Ein mindretalsidé. Demokratiet kann ikkje yta målfolket det folket ikkje vil ha: Nynorsk som "einaste roksmål i landet". Det er ikkje vantande demokratiske rettar, som hev sett (ny)norsk ut i kulden som "sidemål", men dei rådande idéane i folket, som ikkje gav rom for norskdøm og folkemål. Vert folket derimot vunne for norskdøm og målsak, er det tvingande demokratiske grunnar til å skifte "hovudmål"! Til so skjer, bør me snøggast råd innsjå at me hev eit mindretalsmål; og ikkje "eit fleirtalsmål med mindretalsproblem". Her finst ein blømande retorikk, som vil smelta gråstein um til gull: "Den rette historia stend å lesa i bøker (radikale), den range historia er her og no. Folket sjølve er uskuldige. I millomtida er folket undertrykt, språkleg, sosialt og kulturelt. Soga driv fram på vranga:

det stend um å setja henne på føter. Objektivt." Dei som hævdar dette nektar å sjå på seg sjølve som "undertrykt", noko som er meir enn rimeleg å hævda. Dei hev nok med å "bevisstgjera" folket. Tydelegvis.

## FRIE MENNESKE IMILLOM:

Folkesfleirtalet er ikkje undertrykt av bokmål: dei liver berre ikkje upp til målfolket og nasjonalistane sitt krav um å "aksla si historiske oppgåve". Eit ufrift folk kjenner me att på fridomsdraumane deira. So vidt eg skynar drøymer ikkje nordmenn slikt - i dag. Skal eg brjota meg inn i næsten sin heim for å fri han frå lekkjone sine, må han sjølv sjå seg som ufri. Eg lyt altso først få inn i min eigen haus at han, som eg sjølv, er åndeleg fri. Det er soleis ikkje eit lyte ved grannen min at han er usamd med meg. Heller ikkje er det eit lyte ved folket at dei ikkje drøymer målfolket sin nasjonale draum. Men det er eit lyte ved den nasjonale saka at ikkje det norske folket sluttar mannjamt upp um han. Difor gjeld det å vinna folket for vår nasjonale politikk. Difor byrjar ikkje eit "frigjeringsverk" (nasjonalt eller ikkje) med t.d. ei pedagogisk tilretteleggjing for at folket skal tvingast inn i sitt rette skinn, men med meinings- og tankebyte. Millom frie menneske. Slik må det vera, so lenge ingen tanke um korleis verda og tilværet er ihopsett kann segjast å representera verda - utan vidare. Um eg hævdar eit sosialistisk, nasjonalt eller "rasjonelt-vitskapleg" standpunkt: det ligg alltid ei yvertedyding attum. I siste umgang gjeld det å vinna uppslutnad um standpunktet ute i samfundet. Slik eg sjølv ein gong vann fram til mitt standpunkt.

## PROLETARISERINGSKAMPANJE?

OR sitt målpolitiske program byggjer på ei klasseanalyse. Han kann ikkje som me nasjonale målfolk venda seg til heile folket. Vårt program femner um heile folket, medan OR lyt fingranska bunad og likningsprotokollar. Skulde OR koma på den tanken å venda seg til vestkantungdomen i Oslo, måtte han beda dei "svika" sin eigen klasse, skjota ei kvit pil etter familiearven og aksjepostane. Overklasseungdomen si interesse i "norsk folkemål" måtte då liggja i vestkantbermen si framtidige proletære og klasselause stilling. Amen! Vend um, di fyrr di betre. Ormeyngel! men det kunde òg vera, at OR ikkje vilde kasta

burt tida og kreftene sine på slikt unyttig fjas: Lat dei sigla sin eigen sjø! Endå godt, at folket veit å kjenna sine piskevingarar på språket. Um ikkje anna: Maktspråket krev det! Dei nasjonale krev ikkje oreigning av nokon arv, men hev ein arv å bjoda: den norske.

### "RETT FRÅ KJELDA"?

Det målet som OR (i Steinars Schott si umsetjing) let Jøkulldiktet stiga fram i (til bestemannspris, og med bokmålet avklædt på jumboplass) vert i andre samanhengar umtala av OR og hans likar som "arkaisk" og "høgnorsk". Umoderne, gamaldags og pralande. So vidt eg skynar, skal det vera meint i nedsetjande tyding. Upp mot aasenmålet reiser OR det "rå", "snauskrapa", "presise" og "primitive" målet i den "norsk-islandske sagalitteraturen". Frå den tid det "fanst korkje ordbøker eller skriftnormalar eller Norsk Språkråd". Ikkje mindre er det just frå litteraturen - i Snorre sin skaldekunst, og Steinars Schott si høgnorske odling - at OR brynner sin litterære gangar. Det OR meiner å kjenna att som jarnbyrdprovet på folkeleg mål, er resultat av varsam odling yver lang tid: Snorre, den verdskjende skalden, skreiv "Edda", ei lærebok i skaldekunst for unge skaldar. Han hev dessutan truleg ått dei fleste bøkene som fanst på Island - han veit å herma eldre og yngre skaldar. Og det gjer han utan å brigda. Skal me taka skaldekunsten til inntekt for eit primitivt og snaudskrapa mål, lyt me koma i hug at me talar um odling og tradisjon, og slett ikkje um utslag av "Immer Neue Experimenten". Minst av alt er skaldemålet døme på at her ikkje trengst "ein autoritet som seier kva som er korrekt bokmål". Med påstandar um at me ikkje treng "noko korrekt nynorsk"! Det "folkelege" i Snorre og Aasen/Schott sitt mål speglar av at målet er odla på norsk målgrunn.

### "IMMER NEUE EXPERIMENTEN"?

Vil me halda fram skaldemålet (til Snorre) som ideal for normeringa av moderne norsk mål, bør me kjenna det mest grunnleggjande um korleis skalde- og sagalitteraturen vart skapt: "...at ikkje berre innhaldet av ei saga, men også uttrykksmåten, den ytre formi som dette innhaldet fekk, kunde vera nokolunde fast alt i den munnlege tradisjonen (gjennom ættleder, min merknad), og at denne munnlege formi kunde gå på lag ordrett yver på pergamentet. Eller med andre ord: den munnlege og den skriftlege form av ei saga eller store stykke av

ei saga, kunde vera mest like eins." (Knut Liestøl: Upphavet til den islandske ættesaga". Oslo 1929). OR tek Snorre og skaldekunsten frå sagalitteraturen som døme og fyrebilåte for eit motsett daningsideal av dei ideala som skapte denne litteraturen. Her syner OR ei betre kjensle for norsk mål og stil enn han hev for sin eigen teori. Det burde få fylgjor for korleis den gode Randen skulde sjå på normering av norsk mål.

### GRAUTEN PÅ GRUT

(Um kulturrevolusjonen, klasseanalyse og maktspråket).

OR syner fram det meste av dei varone som ein retteleg radikalar plar ha i skreppa si. Sumt av det han sleng upp på disken brukar å sokka i målrørsla som amen i kyrkja. Målfolket svegljer og frygdar seg. Mot oss hev me dyret i openberringa: på domedag skal me få vår hemn. Verst av alt er det at "makta tek seg til rettes". Det burde dei halda seg for gode til. Sjølv vil me ikkje ha noko med makta å gjera. Me vil ha ein "radikal" snunad på det heile. Når tida melder seg. Difor vil OR hiva målreisinga upp på ein salryggja øyk, som ber namnet "Kulturrevolusjonen". Den gampen veit ikkje å føta seg fyrr du syner han ei klasseanalyse (med innteikna rømingsvegar til Sverige). Etter mi mening er det her snakk um ein blindveg for målrørsla. OR og filologane rundt og i Landslaget for Språklig Samling åtvarar målrørsla mot å koma i nærliken av makta og målet hennar. OR og radikalarane sin "maktspråksteori" bør få nokre ord på vegen: Er det ikkje so, at det beste "maktspråket" er det språket som fær deg med på ferda, utan at du varest? Som lullar deg inn i svevn, ja som dreg deg upp på fanget sitt, smeikjer deg um øyra so du gløymer at du hev med makta å gjera?



At eit mål òg kann vera symbol på makta - statusmål - er ein annan ting. Då syner det seg fram med klingande fanfare: "Bøyg kne, hald kjeft, og tenk etter um du hev sét slike fandens karar som oss fyrr." Ikkje lurar dei karane oss ut på prettor; dei tarv berre opna kjeften - og me veit kven me hev med å gjera. Bøygjer me oss då, gjer me det for makta, og ikkje for maktspråket.

Var me retteleg på leit etter døme på "maktspråk", gjorde me lurt i å sjå oss um på anna hald enn der målfolket og akademikarar plar leita: T.d. i våre eigne krokar og lærdomssæte. Løyndarspråket, som fær oss til å jaga etter vindar, som fær oss til å venda ryggen til vårt eige. Som til sjuande og sist tener andre umsyn enn dei orda talar um. Som vanvyrder bokmålet som skriftmål, men som plukkar det upp frå "folkemålet" og "talemålsutviklinga" ved fyrste og beste venda. Helst den fyrste. Som odlar dei språkblomane som bokmålet hev fræva millom folket i "kulturhagen". Som utan å raudna fortel oss at "norsk mål er det målet nordmenn talar" - um so folket gjenom ættleider hev vore dregne etter håret gjennom skuleverk og statsapparat i bokmålsbunad. Som flirer seg skakke av kvart norsk ord som kjennest "framandt", gamaldags og "arkaisk" sidan det knapt hev vore skriftfest av di det er so ungt som skriftmål: (Ny)norsk! Som tevlar um å fortelja oss at samnorsk er yver og ut, men rugar yver det nynorske skriftmålet som den samnorske "språkplanleggjingga" gav oss etter 50 års målblandapolitikk. Med all den makt og det "maktspråk" som folkepedagogar og korridorkrjuparar rår yver. Jau, me kjenner "maktspråket", um me hev stukke nasen innum målrørla. Truleg stend det i so måte verre til i den akademiske målblandaridrotten. Kanskje stend det ikkje betre til i andre organisasjonar og rørlor? For makta og maktspråket hennar finst på alle plan, der nokon sokjer og vernar um makta. Um det er slik, skulde me vera litt meir varsame med å leita etter hestekjøt millom tennene hjå "hine". Svelg undan fyrst.

### UM Å PISSA UPPSTRAUMS ("I skuggen av makta")

I motsetnad til OR trur eg ikkje på nokon "konspirasjonsteori", der bokmålsstrategane hev kjøpt upp norske "reservatvakter" yver statsbudsjettet. OR ser på nynorskingane berre som "offer" for utkropne yverklassetaktikarar. Er

me eit offer, er det i so fall for vår eigen politikk. Årsaka til at nynorsken liver på reservatliknande vilkår, er psykologisk og maktpolitisk. Mest skuldast det vår eigen målpolitikk: Me hev lyst språkfred og gjerda inn "sigrane" våre. Som me vernar med parlamentarisk studnad frå bokmålsfleittalet. Demokratisk. Me er sjølve våre verste fiendar. OR skulde vera varsam med å blanda saman ei "funksjonsanalyse" (nynorsk fungerar innan sitt revir) og ei politisk grunngjeving for den same reservatfunksjonen. Det vert for einfelt. Det er målfolket som hev stridt fram at målet skal vernast med statleg godkjennung. Der er på høg tid å gå den vegen nærmare etter i saumane. Det gjer me best utan å lesa inn illmeinte gjerningar. Som fritek oss sjølve. Og peikar ut kjeltringane.

### SNIKK-SNAKK!

Der OR sukkar for at so mange nynorskingar og målfolk hev gjort målet sitt til livebrød, segjer eg meg leid for at ikkje fleire hev gjort det. Men rett skal vera rett: Um OR si oppskrift for norsk målodling skal verta mal framtids(ny)norsk, fær me eit "ikkje-korrekt" (ny)norsk; talemålsnært, med ulike landsdelsvarianter. Då er eg rædd norsk mål eksperimenterer seg ut i blåheite hutahetti. Til slikt storverk trengst inga målrørsle, berre ein lingvistisk klubb for knehønor og nyfikne lingvistar. Eg segjer: Dei skal ikkje - utan sverdslag - få lagt ut fedraarven til komposthaug for laboratoriegranskingar. Kvifor ikkje heller prøva med mus?

### LOOK TO NORWAY

Folkepedagogane i målrørla hev lenge åtvara mot "franske tilstandar" i målvegen: dei stakars franskmennene hev lagt seg til eit "etterslepende" skriftmål, som takka vere målodlarane i det Franske Akademiet snart ligg two hundrad år "etter utviklinga av talemålet". Som "språkbevisste" nordmenn lett kann tenkja seg - um so på dansk-norsk eller norsk-dansk-norsk: stakars, stakars folk! Kor ille kann ikkje yverklassen plaga folket sitt! Ikkje å undrast då, at analfabetismen er utbreidd, til gagn berre for den franske yverklassen og deira skriftlærde. Slikt kallar dei nasjonalmål! Me styggjest. Me er på vakt mot at skriftmålet vårt skal festna seg. På norsk. Det kunde elles verta ein vane. Attkjennande. Heil og Sæl:

Her i landet hev "språkplanleggjing" mesta natt so langt at me hev teke analfabetismen til rettesnor: her finst ikkje noko "korrekt nynorsk". Me snakkar. Av hjartans lyst. Med liteverta godvilje skynar me alle kva som vert sagt. So på lag. Look to Norway: Betre enn å rydja ut analfabetismen er det å gjera seg av med plagsam bokstavtrældom. Skulde det knipa i det skriftelege, hev me bokmålet, bokmålet, bokmålet.....

## FOLKEVENENE OG DEN "FOLKQUELIGE" KULTURREVOLUSJONEN



Når radikalaren "dyrkar" det folkelege framum det norske, "folket" meir enn dei ideala folket bør odla, fører det til at det folkelege må leitast upp, som attkjennande serdrag ved folket. Radikalaren let augo sveipa i knehøgd - og finn det "folkeleg-mangfelde". Det kuttar han med sigd - lågt yver bakken - i jamn høgd. Tek so og byd det fram i ei einaste form: "det typisk folkelege". Slik kjem det "rå" og "folkeleg-vulgære" seg upp i stand og stilling. At desse serdraga ofte vantar i det forfina borgarlege daningsidealet, vert so til grunngjeving for radikalaren sitt nye og "folkelege" daningsideal. Men, for å herma Søren Kierkegaard: "Men - hvad der saaledes kann være Sundt som Moment, det blive, naar det eensidigen udvikles, en høist betænkelig Sygdom". Materialisten, som hæder idealisten for ikkje å lempa ideala etter røynda, gjer eit

idealistic byks, når han byd oss det "folkelege" i sin ideelle bunad. Det folket som skal stå framfor sin strenge progressive domar, lyt gjera seg av med ufolkelege unotar. Du vandrar på ein knivsegg; kann ikkje verta folkeleg nok. Eg spor: Kor folkeleg er det "folquelige"? Svar: Det som dei radikale "synsarane" finn for godt. Og som fell saman med folkevenene sin hemn yver historia, som skal gjera godt att alt det folket hev måttå lida i radikalaren sin tankeheim. Det er ikke alltid at folket kjänner att det folkelege. Men viktugare: Gjeng du god for det? For sanninga er at radikalaren hev folket "på legd", attum seg, som tagale steinar (objekt), som "referantar", som usegjelege skapningar, som lyt tolkast. Av di radikalaren ikkje held fram ein idé som han kann kjennast på og som folket skal strida um.

Upp mot OR si sterke understrekning av at det folkelege daningsidealet skal hentast frå slikt han meiner sermerkjer folket til kvardags og fest: rått, primitivt og vulgært, set eg det folket lengtar mot, som svalar dei um panna, sjølv i største materielle armod: Draumen um det høge og fagre, rettvise og kjærlege.

*Det mang ein var, som log aat det,  
som blenkte og alt det fagre vende seg ifraa.  
Men alltid var det, som eg betre tenkte,  
naar eg den nye kjolen trekte paa.*

*Ja, livsens armod javnan paa meg trengde,  
og i mi flukt meg alltid drog mot jord.  
Elias difyr slitne kaapa slengde  
ifraa seg ned, daa han til himils fór.*

*Naar difyr eg i armodskrokar sliter,  
min tanke røyrest inn av mange baand.  
Og naar eg so i ljose salar siter,  
fyrst daa eg kjänner, at eg er ei aand.  
(Aa. O. Vinje)*




Mangt av det radikalaren og den progressive reknar som umissande serdrag ved folket, er snarare serdrag ved livsvilkåra åt folket. Banda me riv og slit i. For å koma laus frå alle dei "tilfellelege" historiske kåra me er fødde inn i. Ut vil eg, ut, burtum alle blånar. Soleis: Det storfolket hev ovnøgda av, tarv ikkje vera det småfolket vanvyrder. Men til all lukke. Vår tanke kann strekkja seg lenger enn til det røynlege, slott og stas um du vil. Me hev falle i tankar. Og tanken er fri. For alle. Ogso dei fagraste ideal, som held oss uppe under trengslor og øk. Ånd sprengjer alle band og stengsel.

*Dei beste visor er som dvala-drikken:  
at armadshuset vaart me gløyma kann.  
Og alle fagre samljod i musikken  
er liksom sukkar fyr eit betre land.*

(Aa. O. Vinje)

Just i vår draum um det fagre og harmoniske er me som friast. Kvar kjem våre venaste fridomssongar og kjærleiksvisor frå? Kven skapte dei folkelege skattane? Det var ikkje storfolket som såg nedyver, men ålmugen, kunstnaren, som såg uppyver - vidare og framum dei som sat i ovnøgda og åt og drakk: "Sukkar fyr eit betre land". Fatigfolket sine draumar skaut fart frå pipinga i hole vombaskinn: yverklassen hadde vanskar med "fordøyelsen".



*Radikalaren kom, såg og fann:  
Heltane!*

Men heller ikkje folket og underklassen når lettvinnt fram til dei høgaste ideala (dei som eg og du vil halda upp som dei høgaste ideal). Slett ikkje. Det ligg ikkje noko "udemokratisk" i det. At me ikkje når fram i flokk og fylgje. Ligjande. I tanken.

Det finst, millom eit visst slag radikalalarar, ein tanke som vil "tala folket si sak" ved å segja: Gjer vegen vid, gjer porten høg. Dei ser ikkje, at um vegen er trøng og proten låg, er ikkje vegen av den grunn stengd for individet. Og difor heller ikkje for mengda. I prinsippet. Radikalaren tykkjест tenkja som reven: Høgt heng dei og sure er dei. So snur han på heile reknestykket: Han styggjest ved dei ideala som storfolket høler og hyklar um, og ser ikkje at "me ligg alle i rennestenen (høg og låg), men sume av oss ser på stjernone". Kulturradikalaren snobbar nedyver (ikkje OR!) og vil ha det til, at borgarstandet ikkje retteleg veit å gjeva \$gaum på dei folkelege verde, slik det kann augnast utum nova på ungdomslokalet ein laurdagskveld (Rekk mig o pige, din barkede haand"..."hikk"). So er det vel òg, at me aldri når hugmåla våre. Me hev nok med vegen.

*Eg såg det tidi som sveipt i eim  
bak havdis grå,  
det er ein huld, ein heilag heim,  
me ei kann nå*

*Eg lengta tidi på trøytte veg  
der ut til fred;  
men landet fyrt kann syne seg,  
når sol gjeng ned*

(A. Garborg)

Men ikkje vann me oss upp i ståande stilling, til frie menn og kvinner, um det ikkje var for den draumen. Som merkjer våre liv og helgar vår kvardag. Å "senka" dei ideelle krava, for å gjera dei til folkeeige, er "å tena folket", slik tenrar alltid plar: Å ganga andre til handars. Kanskje likar ikkje radikalaren tanken på at han soies pyntar på rádande samfundstilstand? For er det ikkje so, at berre dei høgaste hugmål er verdt å tøygja seg etter. Um ikkje radikalaren lystar å gå vegen, hev han, som me andre, sin frie vilje til å lata vera. Men ikkje skuv folket framfor deg. For aldri slepp me tanken um å nå dit:

*Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje -  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at kjeldor skal springa -  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje her visst um.*

(Det er den drumen, or "Dropar i austavind", Olav H.Hauge)

## VEGEN FRAM, GJENG FYRST ATTENDE

Det er ikkje eit lyte ved røynda, at ho ikkje samstavar med våre ideal. Ideala skal vera hugkveik for vårt timelege stræv: lyfta og visa veg: korleis liva våre liv? Ideala viser ikkje "røynleg" misvising, um so dei er klædde inn i eit vitskapleg språk. For me lyt spyrja oss sjølve: Kven sine ideal? Handsupprekkjing! Uppteljing! Ikkje brigdar me våre ideal um me fær fleirtalet mot oss? Um me ikkje er yvertydde? Fleirtalet yvertyder oss ikkje. Ikkje ideelt. Men det gjer samvitet vårt. Ein stutt augneblink dreg me hugmåla ned og let vårt kritiske auga flakka. Ikkje lyfter me røynda upp til våre ideal. Kappar og strekkjer røynda og livet på prokrustesseng. Totalitært. So lat oss ha i bakhovudet: Livet sjølv - vår konkrete røynd, her og no - er grunnlaget for at me gjer oss tankar um t.d. samfunds-skipnaden. me hev ikkje noko anna enn det historiske å gå ut ifrå. Det demokratiske er knytt til kulturvevnaden, til vårt historiske og nasjonale minne. På godt og vondt. Um me, tilliks med hine folka, ikkje sveipte heile verda inn i vår synsrand, men såg verda frå ei grastuve, so er det den verda me kjenner. Demokratisk. Som hev felt seg ned i samfundsforma. Institusjonane. Songane. Sukkane. I samtalane. På norsk. Det er ogso frå denne samfunds-forma me spann dei tankane me gjorde oss um det range og skakke i rådande tilstand. Framtidsvona. Fortida er attum oss.

*Alt minner meg; det minner og det minner  
til soli burt i snjoen sloknar ut.*

*Og inn i siste svevn me eingong huggar  
dei gamle minne og dei gamle skuggar.*

(Aa. O. Vinje)

Våre fagraste framtdsdraumar er våre fagraste minne. Som folket vårt hev drøymt gjennom hundradåra. Slik det vart fortalt oss av forfedrene. Utanfor stend andre folk sine røynslor. Sed og skikk. Spunne inn i sine kulturvevnader. Det finst inkje gjenomsnittleg universalminne som bind saman dei ulike folkelege minna og kulturkrinsane. Berre tangeringar og påverknad. Difor kjenner me berre demokratiet frå folket sit historiske samfundsstræv - langsamt vunne, til tider verna med alt det kosta. Alt samlar seg opp i det me kallar sed og skikk, landsens sed og

skikk. I dag gjeld det kanskje um meir enn me torer vita: Den mammondyrkande maskinkulturen med sin kapitalistiske skovlkjeft, som trugar alt liv på jorda, hev fått sin eigen sjølvforvaltande logikk som trengjer ut det forfedrene baud oss å gjeva yver til borna båre. Det krev all vår tanke, all vår kjærlieik å vinna attende dit, der me ikkje lengre gjer jorda til livlaus bosplass. Bergingsvona ligg i å skilja millom skit og kanel; velja millom rett og gale: å halda den arven i stand. Eit folk som held uppe minnet um far og mor, skal liva lenge i landet, heiter eit gamalt ord. Skulde me segja: "...skal yverliva?". Kanskje? Um me berre vil gå vegen.

